

## Referat frå styremøte på Valle vidaregåande skole, avdeling Presteseter og møte med lokallaga på Lygnasæter 16. desember 2019, kl. 10.00 - 22.00

**Desse møtte:** Knut Evensen, Ellen M. Syse, Jonny Mathisen, Eirik Kolbjørnshus, Ola Hareland, Frode Rudland og Pål Kjørstad, forfall: Gro Arneng og Anne Terningen  
I tillegg møtte valkomiteen ved Arnfinn Beito, Ola Kjørstad og Sondre Imsgard

Vi starta dagen med at Frode Rudland, ansvarleg for ku og sau ved Valle vidaregåande skole, synte oss driftsbygningar på Presteseter, uthus m/3 plansiloar, stort lausdriftsfjøs for omkring 47 årskyr, sauehus med 37 søyer/påsett og grishus m/34 årspurker og framføring av 400 slaktegris i året. Alle 3 husdyrhusa var så og seia nye, og sauehuset var heilt nytt. Dette var tallefjøs med eit førbrett og 2 store bingar og innreiing med lammesikker front frå Fjøsssystemer. Det var i tillegg ein uteplass med tak over i forlenginga av sauehuset for ekstra plass i lamminga. Fjøset var planlagt for 50vf sauer, noko Frode meinte var minimum tal dyr ein måtte ha for at elevane var sikre på å få sjå og vera med på det som skjedde i eit sauehald gjennom året. I tilknytning til fjøset var jordet nedanfor sådd i med eng og skulle gjerdas inn, og eit lite parti mellom husa på garden på oppsida skulle òg gjerdast inn og brukast til hamning. Det var også eit vaktrom og ein kombinert fôringsplass, klippeplass i fjøset, ventilasjon med langsgåande luftinntak med finmaska netting på bae langveggane. Dyra var velstelte og trivelege og paringa nesten over. Vidare fekk vi sjå/fortalt om det moderne anlegget skulen hadde for å nyttiggjera seg av husdyrgjødsla som varmekjelde/straumkjelde. Her vart heile garden med driftsbygningar forsynt med straum, oppvarming og varmvatn frå eige husdyrgjødsl.

Så fekk vi ein matbit i undervisningsbygget, som romma 2 klasserom. Deretter fortsette vi dagen med styremøte i eine klasserommet og valkomite-møte i andre, der alle i styret vart kalla inn til samtale med valkomiteen. Seinare på dagen reiste vi til Lygnasæter på julemiddag og hadde møte med lokallaga på Hadeland, Toten, Land og Gjøvik.

### **Sak 68/2019: Referatsaker**

- 19.-20.10.2019: Stand på Stavsmartan på Tretten, Marthe Lang-Ree, Erling Jevne, Pål Kjørstad og Knut Evensen møtte
- 21.10.2019: Styremøte i Oppland Sau og Geit, referat godkjent i e-post
- 21.10.2019: Møte med leder i valkomiteen og lokallaga i Valdres
- 26.10.2019: 70-års jubileum Fåvang Sau og Geit, Pål møtte
- 04.11.2019: Medlemsmøte Fåvang og Ringebu Sau og Geit, Pål møtte
- 05.11.2019: Møte i Landbruksråd Innlandet på Honne, Knut møtte
- 12.11.2019: Møte m/Telespor i Asker, Jonny og Pål møtte
- 14.11.2019: Møte med Sør-Trøndelag ang. start av radiobjøllelag hos Pål
- 18.11.2019: Møte med lokallaga i Norddalen på Otta, Knut, Jonny, Ellen og Ola møtte
- 19.11.2019: Rovdyrmøte på Fredheim, Nordre Land, Jonny møtte m/foredrag
- 20.11.2019: Telefonstyremøte OSG på «Messenger», referat godkjent i e-post
- 21.11.2019: Leiarmøte i Oppland Bondelag, Knut møtte
- Kompetansebevis, Knut og Pål informerte om krav gjeldande i dyrevelferdslova og næringas/slakterias dyrevelferdsprogram for dei ulike husdyrslaga. Animalia skal ferdigstillast kurset og oppfølginga som skal gje småfeprodusentar kompetansebevis. Det kan verta gjort ved t.d. samlingar i lokallag av Sau og Geit.

- Møteplan 2019/20 vidare er nå slik

Dato/frå dato	Dato/til dato	Møtetema/sted
15.01.2020		Regionmøte i OSG - Valdres
16.01.2020		Regionmøte i OSG - Otta
22.01.2020		Styremøte i OSG saman med Ring 41 og OGL, møte med Hedmark Sau og Geit og Regionmøte i OSG - Øyer
23.01.2020		Regionmøte i OSG - Lygnasæter
21.02.2020	23.02.2020	Årsmøtehelg, Scandic Hotel, Hafjell

#### Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og møteplanen og andre saker vart godkjent med dei nye vedtaka styret gjorde

#### **Sak 69/2019: Forvaltningsplan rovvilt i region 3**

Utgangspunkt: Revidering av forvaltningsplanen i Region 3 med faktaoppdateringar og ymse revideringar i forvaltningsmetodar. Sendt ut på høyring i lokallaga og beitelaga. Målet var felles innspel frå OB, OBS og OSG, som i tidlegare slike saker. Soneringsaka kom opp seinare etter at Nord-Fron kommune hadde sendt det inn og dei andre kommunane i Midtdalen hadde støtta det politisk. Soneringa var ikkje eit tema i møta faglaga og OSG hadde i saka før på siste møte den 21/10 da OSG hadde styremøte og ikkje kunne møta. Soneringa som kom inn som eit nytt moment i høringa vart ikkje sendt ut på høyring til lokallaga. Dette vart av Norddalen sett på som svært svakt av styret i OSG. Til orientering så vart denne høyringa sendt til alle beitelaga.

Styret i OSG har fått kritikk for vedtaket sitt i saka og styret sjølv seier i ettertid at denne saka burde vore behandla betre/annleis. Styret skulle ha starta diskusjonen kring saka i styret tidlegare og gjort eit vedtak i saka på styremøte i Valdres. Informasjonen om saka og det nye høyringsalternativet burde vore sendt ut til lokallaga. Styret har beklaga overfor lokallaga i Norddalen, og beklagar i møtet i dag òg at dei ikkje såg og skjønnte at dette var ei så «stor» sak. På den andre sida så skal det heller ikkje gløymast at dette også var ei svært stor sak for beitebrukarar og beitelaga på austsida i Midtdalen, som i tillegg til jerven, som regel har nok av dei andre rovviltartane å hanskas med. Men tanken om byrdefordeling er det sterkaste og beste resonnementet for dei som ikkje ønskte mindre jervsone, og tanken om å få beitelaga i same sone for å forvalte jerv i beiteprioritert sone i beitelaget er det sterkaste for dei andre. Så får vi heller tenkja at det aller beste alternativet er å forvalta jerven på bestandstalet.

#### Vedtak i saka:

- Styret tek gjennomgangen av saka og den generelle gjennomgangen til orientering og etterretning, og vil i framtida prøve å unngå slike hendingar. I saka er nok styret framleis delt i den samla konklusjonen, men eit samla styret tek rovviltnemndas vedtak om å ikkje endre soneringa av jerv i sone 3 til etterretning.

#### **Sak 70/2019: Regionmøter 2020**

- Tid, stadar og fordeling:
- 15/1: Valdres (Valdres Gjestegård), Knut, Jonny, Eirik og Gro
- 16/1: Otta (Thon Hotell), Knut, Jonny og Ola
- 22/1: Øyer (Hafjell), alle
- 23/1: Lygna (Lygnasæter), Knut, Jonny og Frode

#### Saksliste:

1. Opning, namneopprop og velkome v/Knut Evensen
2. Saker frå lokallag og beitelag – KOM MED INNSPEL OG SAKER!!

3. Informasjon frå NSG v/Pål Kjørstad
4. Orientering frå valnemnda v/medlem av valkomiteen i OSG
5. Saker frå fylkeslaget – spørsmål/diskusjon v/Knut Evensen

Vedtak i saka:

- Styret vedtok regionmøta med tidspunkt, steder, fordeling og sakliste som over

**Sak 71/2019: Infofolder OSG**

- Innhald
- Utsendingsdato

Vedtak i saka:

- Styret vedtok at innhaldet skulle vera som etter gamal mal, med følgjande hovudsaker: Regionmøter 2020, årsmøte og seminar 2020, val på årsmøte 2020, diverse info nå m/fristar – ta med facebookside vår og årsmøte i lokallaga, elektronisk overvaking 2020  
Utsendingsdatoen skal vera snarast råd er på nyåret.

**Sak 72/2019: Prosjekt laushund**

- Status: Knut har snakka med OB og OBS, men er klar på at dette skal vera eit OSG-produkt. Det skal vera informasjon til både beitebrukarar og andre brukarar av utmarka og eventuelt innmarka
- Framdrift: Det er Knut og Jonny som arbeider med saka, men vil òg ta med Eirik i arbeidet frå nå

Vedtak i saka:

- Styret i OSG vil laga eit stutt og godt informasjonsskriv på ei side og kanskje eit ekstra skriv for beitebrukarar om korleis dei skal reagere. Infoskrivet skal innehalda båndtvang m/informasjon om dette, referere til lovane, årsakene, konsekvensane med info om erstatningssatsar og ansvar det er å ikkje ha kontroll på hunden. Infoen skal ha ei opplysende og positiv form og ikkje verka skremmande. Det skal takast kontakt med og bruka Mattilsynet, Landbrukskontor og Norges Jeger og Fiskeforbund som alliansar og etatar for hjelp til å spreia buskapet.  
Kjørereglane for beitebrukarane må innehalda korleis dei skal opptre ved eit skadescenario og korleis dei skal opptre med gjetarhund.  
Styret i OSG vil at dette skal speila mest mogleg på forholda i Oppland, men vil gjerne at dette òg skal eller kan vera til hjelp som ein mal på nasjonalt plan.

**Sak 73/2019: Geitesaker** – ingen saker, da Gro ikkje møtte og ingenting var spelt inn. Gro Arneng vart vald inn som medlem av fagråd geit i NSG frå 1/1 2020, OSG gratulerer.

**Sak 74/2019: Saker frå Ring 41/avlsutvalget**

Det vart halde styremøte Øyer 6/11.

Kåringane gjekk stort sett bra. Av saker som skal eller kan rettast opp er forholda rundt der produsentar meldar på svært mange lam ekstra like før kåringa. Det var òg ei kåring der mistyding/tabbe gjorde at berre 1 av 2 dommarar kom. Dommarar og sekretærer er fleksible, og med sekretær kan det gjerast avtaler med fleire rimelege alternativ.

Status versal: Peder Leirdal fekk skryt for at han sendte e-post til avdelingsleiarane og avklara statusen for salet over heile fylket. Dermed kunne nokre avdelingar ta kontakt i andre område

å få seld verane sine der. Det vart seld så og seia alt av ringverar og ein svært stor del av kåringslamma i 2019. Det vart kritisert at verar frå ring med dårleg fenotype vart seld. Utbetalinga av tilskot til avdelingane er gjort. Det sprikar ein del i resultatata i kvar avdeling, og difor vart delen avdelingane måtte stå for til drift av Ring 41 i år på kr. 900,- pr. innsett prøvever. Nokre avdelingar laut nøye seg med det dei fekk frå NSG. Det vart likevel betalt ut omlag kr. 55.000,- over budsjett.

Heimesida er nå oppdatert m/avdelingsleiarar.

Styret i Ring 41 har innspel til valinstruks saka i OSG. Dei vil ha eige valkomite for ringen og dei synes at personar skal gå føre geografi for å finna tillitsvalde.

Peder Leirdal vart vald inn som medlem av avlsrådet i NSG frå 1/1 2020, OSG gratulerer.

#### Vedtak i saka:

- Styret i OSG tok informasjon til etterretning, og understreka at valinstruks skal opp som sak på årsmøte i Oppland Sau og Geit, der sjølv sagt Ring 41 kan koma med innspel.

#### **Sak 75/2019: Gjetarhundsaker**

Det har vorte innsendt innspel frå OGL via OSG til NSG angående privatisering av kurs/prøver. Styret i OGL hadde styremøte 18/11.

Klubbkampen har vorte eit positivt tiltak for at fleire både kan og vil vera med på tevlingar i bruk av gjetarhund. OGL vil arbeida for at denne tevlinga held fram.

OSG har laga 200 dekken til bruk for å synleggjera at ein gjetarhund er i arbeid. Dei har seld 70 stk. og har eit mål om å få seld 100 stk. i 2019.

OSG har skaffa seg Gjensidige Valdres som sponsor. Det vart diskutert og teke opp eit tettare samarbeid med OSG, særleg i høve til økonomi og rekneskap.

Torkjel Solbakken vart vald inn som medlem av avlsrådet i NSG frå 1/1 2020, OSG gratulerer

#### Vedtak i saka:

- Styret i OSG tok informasjonen til etterretning og var positiv til eit tettare samarbeid med OGL.

#### **Sak 76/2019: Rovviltsaker**

Erstatningssakar/hjelp vart ei større utfordring i 2019, da innlogginga til søknadssenteret hos Miljødirektoratet vart meire personleg med bank-ID. Hjelpa var grei når ein møttes fysisk, men over telefonen laut ein da få «låne» bank-ID for å logga seg inn.

Til informasjon har Pål vore på «Høring i Kontroll og Konstitusjonskomiteen», møte i «Kontaktutvalget for rovdyr», seminar i beitebruksprosjekt i regi av «Rularis» og «Høring Statsbudsjettet Miljø og Energi». Det er diverre ikkje så mykje positivt å seia frå desse med unnatak av at seminaret i regi av Rularis var inspirerende, der næringa sjølv hadde regien og hadde fått fram mykje dokumentasjon om korleis beitebrukaren klarar seg i forhold til rovviltforvaltninga. På det nasjonale plan i rovviltforvaltninga ser det stygt ut for ei stor redusering i antall rovviltregionar. Vår eige region må nok berre takke og bukke dersom vi er så «heldige» at vi får Innlandet som region. Vi må òg sørge for å vera svært påpasseleg med å få ta ut ulven i Nordre Land, og få ta ut nok jerv og gaupe før neste beitesesong.

Styret i OSG er fortvila i forhold til retninga rovviltforvaltninga tek sentralt, og vil koma med ei sak til NSG på årsmøtet, der dei krev større fokus på utmarksarbeidet ved å oppretta ei ny stilling.

På møte i rovviltnemnda sist har Jonny òg dårlege nyheiter, der det går fram at FM får styre over nemnda i større grad enn det det er tenkt. OSG tok opp på møtet det vi har gjort i alle år om at kvota på jerv er for lita i utgangspunktet, og at det må gjerast tiltak der jerven skadar

som mest, som på Lesja, i Skjåk og i Midtdalen. Vi påpekte òg at tilleggsdyra på gaupe må gjevast til dei områda med utfordrande terreng og låge uttak i beiteprioritert område. Rovvilterstatningane blir ferdig seinast 19. desember. I tillegg fekk vi gjennom eit førebels rekneskap opplyst at opp mot kr. 500.000 av FKT-midlane i Oppland dette året går tilbake til staten!

Forvaltningsplanen vart lagt fram av sekretariatet. Denne vart flikka litt på som at: «Det skal stå at det skal forvaltast på bestandsmål i staden for ned mot bestandsmål.» Det vart òg gjort nokre andre små justeringar, mens sonespørsmålet ikkje vart med grunna ein «uryddig prosess.»

Det skal nemnas opp ny rovviltneimnd i region 3 som skal fungera til eventuelt ny region vert vedteke. Aud Hove og Kari-Anne Jønnes er dei einaste som held fram frå den gamle. Erik S. Winter er innstilt frå Ap. Det blir tradisjonelle regionmøter i regi av nemnda/FM i fyrste halvdel av februar 2020.

Beitesesongen 2019 med stabilt sauetal og færre skadar er ein gjennomgang i media. Men vi som kjenner til dette veit om store skadar/tap på Lesja, i Skjåk, på Fron og i Nordre Land. I forhold til sanking vart dette fyrste året at nokon fekk tilskot for tidleg-sanking grunna ørn og gaupe og dette til og med i beiteprioritert område for gaupe. OSG oppfordrar alle som ikkje får erstatta dei ein meiner har gått tapt grunna freda rovvilt om å anka.

Vidare vart det spurt kva vi eigentleg kunne prøva på nå, og styret i OSG ville at vi skulle passa på at sporing og bestandsregistrering vart følgt opp på alt freda rovvilt, og at spesielt den vesle jervkvota vart teke ut. Det er òg plan om å dokumentera skadevoldar i eit radiobjølleprosjekt på Lesjaskog neste sommar, som vi kjem tilbake til.

#### Vedtak i saka:

- Styret i OSG tek informasjonen til etterretning og støttar at vi skal følgja opp alle rovviltrelaterte saker så godt som råd er. I tillegg støttar styret at det vert sendt inn ei sak til NSG, som krev at organisasjonen sett større musklar inn i utmarksarbeidet.

#### **Sak 77/2019: Arbeidsplan 2019/20**

Arbeidsplan, jmf. årsmøtesak, styret er bedd om å konkretisera planen, og oppdatere planen med underpunkter for å illustrere kva som er gjort og kva som må/bør/kan verta gjort for å følgja og eventuelt nå arbeidsplanen. Punkta som vart vedteke på årsmøtet med ymse samanslåingar og konkretiseringar dette arbeidsåret:

- **Bidra til at eit medlemskap i NSG skal lønne seg både i 2019 og framover for småfehaldet i Oppland, understreka er oppfølgd:**
  - Alle medlemmar kan leiga elektronisk overvåkingsutstyr gjennom Oppland Radiobjøllelag
  - Sørge for at det arrangeras grillaksjonar/marknadsføring av sau/lam- og geiteprodukt
  - Følge opp kompetansekravet som nå kjem opp i forhold til ny dyrehelseforskrift
- **Bygge vidare på organisasjonen Oppland Sau og Geit**
  - Revidera valinstruksen, vert teke opp på årsmøte som eige sak
  - Informera om kriteria til beste lokallag
  - Samarbeida godt med Ring 41, Radiobjøllelaget og Oppland Gjetarhundlag
  - Behalde generaldebatt på neste årsmøte med god nok tid
  - Gjera Oppland Sau og Geit enda meire synleg, aktiv og seriøs
- **Innspeil til jordbruksforhandlingane**

- Innspel sendt til NSG 4/3 2019
- Innspel sendes til OB og OBS
- Delteke på årsmøter i OB og OBS, m/innspela
- Lage hefte med alle tema, som sendes ut til lokallaga i god tid
- **Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som spør om det**
  - Be seg inn til dei som treng
  - Sende mail til lokallaga at vi står til disposisjon
  - Produsera ferdig powerpoint med ulike tema for medlemsmøter
  - Halda styremøter i regionar og be inn lokallagsstyra
- **Bidra til godt samarbeid og komme med gode og konstruktive innspel til småfeholdets beste til NSG, Nortura, Tine, Fylkesmannen, nabofylkeslag, Oppland Bondelag, Oppland Bonde- og Småbrukarlag**
  - Halda møter med OB og OBS i forkant av rovviltneemndsmøter med fleire tema
  - Be inn representantar for alle over på passande arrangement vi held
  - Drøfte og utreide fylkessamanslåinga med Hedmark Sau og Geit i forhold til vedtak i sak 9 i og halda minst 1 felles styremøte med Hedmark Sau og Geit
- **Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen**
  - Halda kurs i medlemsmøter
  - Informera om fordelane ved sauekontrollen
  - Samarbeida med slakteria
  - Arbeida målretta med definerte mål om større oppslutning år for år
- **Medlemsverving – mål >1250 medlemmer i 2019**
  - Inspirera alle lokallag til å bruke «minside» aktivt
  - Følgja opp dei med avvik kontingent, og dei som har småfe som ikkje er medlemmar
  - Minna om vervepremiar, og fordelen med fleire medlemmar
- **Oppdatering av heimesida, inkludert rovviltartikkelen**
  - Knut Evensen får tilgang til Opplandssida
  - Legge ut møtekalender og møtenotater, bruka heimesida meire
  - Søkja om tilskot frå faglaga i Oppland på rovviltartikkelen
- **Søke FKT-midlar, midlar frå «Tilskot til tiltak i beiteområder» og andre midlar til drift av Oppland Radiobjøllelag**
  - Søkt om «FKT-midlar» og «Tilskot til tiltak i beiteområder» 28/2 2019
  - Halda god dialog og kontakt med FM, Findmy og Telespor
- **Videreføre engasjementet i rovviltarbeidet inkludert Rovviltutvalget som bidragsyter**
  - Oppland Sau og Geit skal stå for ei tydeleg linje i rovviltspørsmål som er godt forankra i rovviltutvalget og i styret. OSG skal fremme klare synspunkt i møte med forvaltninga, faglaga i Oppland og NSG sentralt.
  - Vi ser generelt at det er ei stor utfordring for fleire og fleire beitebrukarar å oppnå full erstatning utover normaltapet, som vi meiner i seg sjølv er for høgt i mange områder.
  - Det er i 2018 erstatta 55,7 % av dyr som er tapt på beite og søkt om erstatning for. Av dette er 54 % erstatta til jerv. Totalt er det tapt 11164 dyr på beite i 2018, og sjølv om ein trekker frå normaltapet av dette så er talet alt for høgt til å leva med. Beitebrukarane er pålagt ei umogleg oppgåve med å finne nok kadaver som er dokumenterbare.

- OSG skal krevja ein større innsats frå forvaltinga gjennom rovviltnemnda til å ta ut restkvota når ikkje lisensjakta fører til at kvotene vert teke ut
  - OSG krev at sonene vert respektert slik Stortinget har vedteke med ei «tydelegare soneforvaltning». Dette betyr i praksis at rovdyr i reine beiteprioriterte områder **skal** takast ut. Bjørn og ulv i Oppland skal takast ut, og dei skal fortrinnsvis takast ut i forkant av beitesesongen. Her må det krevjast at det vert gjeve skadefelling ved observasjonar.
  - I rovviltsonene skal uttaket prioriterast i områder med størst skade når det skal takast ut restkvoter.
  - Når det dukkar opp t.d. gaupe i jervsona eller jerv i gaupesona skal desse taskast ut, dette er i samsvar med byrdefordelingsprinsippet i forvaltningsplanen i Oppland
  - OSG skal arbeida for ei forvaltning av ørn.
  - OSG ønskjer å behalde Rovviltnemndene slik dei fungerer i dag
  - OSG skal jobbe for at FKT potten skal auka og i størst mogleg grad koma beitebrukarane til gode.
  - OSG skal jobbe for at det vert gjeve full erstatning i forhold til rovviltskader til våre medlemmar der ingen anna årsak er påvist.
- **Gjennomføra styremøter etter oppsett plan med saker frå Ring 41, geitesaker og OGL**
    - Vedtak om bruk av kalender på heimesida for alle møter
    - Plan er laga på saklister/styremøter så langt vi i praksis veit
  - **Planlegge kontaktmøter/regionmøter i 2019/20 og seminar/årsmøte i februar 2020**
    - Arrangere seminar, møte og turopplegg i Oppland for Rogaland Sau og Geit
    - Diskutere om vi skal ha fleire kontaktmøter og regionmøter fleire stadar
    - Seminar og årsmøtehelg er bestemt til tid og stad, og opplegg
  - **Arbeida med utfordringar til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark**
    - Jonny har laga powerpoint om emnet
    - Ta opp att kunnskapen frå tidlegare prosjekt i regi av FMOP og OSG
  - **Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder**
    - Bruka Valdres-prosjektet aktivt fleire stadar
    - Redusert pris til dei under 35 år på seminar/årsmøte
    - Bidra med rekrutteringstema på seminar
  - **Arbeida med meire faglege småfesaker, som på avl-, beitebruk-, produksjons- og dyrehald-relaterte områder**
    - Vidareføre og behalde engasjementet i Ring 41
    - Vidareføra og auka engasjementet og deltakinga i kåringsjåa

#### Vedtak i saka:

- Styret arbeidar vidare med å minst nå målet om å følgja arbeidsplanen i arbeidsåret  
Planer gjennomført og planlagt gjennomført framover:

<u>Dato/frå dato</u>	<u>Til dato</u>	<u>Emne/Stad</u>
05/08-2019		Samtale med styret i Hedmark Sau og Geit
21/10-2019		Fellesmøte m/lokallag i Valdres

16/12-2019		Fellesmøte med lokallag på Toten og Land
21/02 2020	23/02 2020	Felles årsmøtehelg med Hedmark Kr. 1500,- i redusert pris til medlemmar under 35 år

### **Sak 78/2019: Oppland Radiobjøllelag**

2019 viser førebels dette rekneskapet for OR:

Bilag Tekst	Firma	Abonnement/batteri	Innkjøp utstyr*	Antall Findmy	Antall Telespor	Reimer	Frakt
	<b>Delsum</b>	kr 880 033,80	kr 1 023 552,00	100*	1028	kr 19 335,20	kr 2 827,00
	<b>Samla sum</b>	kr 1 925 748,00					
	<b>Drift</b>	kr 457 653,00					
3610	Utleie	kr	kr 1 584 694,00				
3492	Tilskot		kr 745 000,00				
3611	-rapport		kr 40 750,00				
	<b>Delsum</b>	kr 2 383 401,00	kr 2 370 444,00				
<b>Balanse</b>		kr -12 956,82					
<b>Krav**</b>		kr 68 087,50					

\*) I tillegg vart 155 Findmy-einingar innkjøpt på restmidlar 2018, men utgiftsført i 2019

\*\*\*) Vi har utestående større krav enn vanleg dette året

Det er i tillegg etter søknad gjeve kr. 450 000,- i tilskot frå restmidlar av FKT-potten i region 3. Disse må brukast i 2019, og vi er i gang med å tinga og fornya Findmy-einingar og auka på Telespor-einingar.

Pål fekk i oppdrag å visa omfanget av arbeidet sitt i radiobjøllelaget 2019 for å ha ein framdriftsplan korleis vi gjer det vidare. Denne tabellen visar korleis Pål meiner omfanget er i tal timar:

Tekst	Administrasjon	Pakking/klargjøring	Service	Møter	Sum
Vinter	75			30	105
Vår	75	280	100	10	465
Sommar	25		75	10	110
Haust	50	40	25	40	155
Sum, timer	225	320	200	90	835

Da 1 årsverk er rekna som 1695 timer, så kan nok arbeidet med radiobjøllelaget pr. i dag vera omlag eit ½ årsverk. For å ytterlega finna dette vart Pål oppfordra til å skrive timar neste år, og skriva dette inn i arbeidsavtala si med OSG. Eit anna forslag som vart nemnt er å søke om prosjektmidlar utover innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr frå FKT-midlane for å betra økonomien i laget.

#### Vedtak i saka:

Styret i OSG tok informasjonen til etterretning. Styret vedtok at dei ville ha ei oversikt over arbeidsomfanget til Pål i 2020. I forhold til innkjøp av utstyr av restmiddelbeløpet, som er nemnt over, fekk Pål fullmakt til å fordela innkjøpet på det utstyret vi trengde. Det vart likevel spesielt nemnt at vi laut investere i nye einingar av Findmy da det har hopa seg opp eit etterslep, som vi må ta att.

### **Sak 79/2019: Sponsoravtaler OSG**



Oppfølging av sak fra førre styremøte. Pr. i dag er dette resultatet av sponsorjakta, sjå tabellen under. Vi manglar vi oppfølging og endeleg svar frå nokre.

Organisasjon/bedrift	Sponsar med	2020/2021/2022
Os ID	kr 2 500,00	ok
Strand Unikorn	kr 5 000,00	
AS Nessemaskin	kr 2 500,00	ok
Fjøsssystemer AS	kr 5 000,00	ok
Tine SA	kr 2 500,00	nei
Felleskjøpet Agri SA	kr 5 000,00	
Sp.bank 1 Gudbrandsdal	kr 5 000,00	
Telespor AS	kr 10 000,00	ok
Findmysheep	kr 10 000,00	ok
Nortura SA	kr 43 000,00	
Sikringsradion	kr 5 000,00	ok
Grobakken Landmek AS	kr 20 000,00	
Furuseth AS	kr 2 500,00	ok
Fatland AS	kr 2 500,00	ok
Bekkevold Lyskopi	kr 2 500,00	ok
Norilia	kr 5 000,00	
Animalia	kr. ?	

Vedtak i saka:

- Styret tek informasjonen til etterretning og arbeidar vidare med saka

### **Sak 80/2019: Seminartema på årsmøte/seminaret i vinter/årsmelding**

- Vidareføring, konkretisering, oppfølging og ansvarshavande i saka:

Vedtak i saka:

- Førebels program m/foredragshaldarar:
- Fredag:
  - 15.00: Årsmøte Ring 41
  - 17.30: Praktisk avl i bruksbesetning, Kjetil Lien og Pål Egil Rønn
  - 18.15: Praktisk avl i avlsbesetning organisasjonsarbeid, Peder Leirdal
  - 19.00: Pause
  - 19.30: Middag
- Lørdag:
  - 09.00: Årsmøte Oppland Sau og Geit
  - 11.00: Pause
  - 11.15: Årsmøte fortsetter
  - 13.00: Lunch

- 14.00: Årsmøtet fortsetter
- 15.00: Nortura, Erling Skurdal
- 15.30: Pause
- 15.45: Generaldebatt, oppfordre lokallaga til å koma med innspel
- 18.00: Pause
- 19.00: Premiesamling
- 19.30: Middag
- Søndag:
- 09.00: Praktisk bruk av elektronisk overvaking og kadaverhund, Marit Mjøen, Nicolay Boberg Jansen, Jonny Mathisen, Pål Kjørstad
- 10.30: Pause
- 10.45: Korleis skape større aktivitet i lokallaga, Knut Evensen utfordrar, Marianne Hamre, Irene Amundgård
- 12.30: Pause
- 12.40: Sponsorar, Grobakken ?
- 13.45: Vel heim
- 14.00: Lunch

#### Årsmelding:

Ansvar: Pål m/styret

Delansvar:

1. Leder: Knut
2. Rovdyr: Jonny m/Pål
3. Avl: Ola og Gro m/Terje
4. Leder: Peder
5. Gjetarhund: Eirik m/Endre
6. Organisert Beitebruk: Sidsel
7. Radiobjøllelaget: Pål
8. Rekneskap: Leif Arne
9. Bilder: Knut m/alle

#### Vedtak i saka:

- Saka vart teke til etterretning og oppdatert med det nye som kom fram på styremøtet.

#### **Sak 81/2019: Fargekode på slips i Oppland**

- Oppland Sau og Geit bestemte i si tid denne fargekoda for slips i Oppland:
  - Søye sleppt med 0 lam: Svart slips
  - Søye sleppt med 1 lam: Blått slips
  - Søye sleppt med 2 lam: Raudt slips
  - Søye sleppt med 3 lam: Gult slips
  - Søye sleppt med 4 lam: Blått og gult slips
- Norsk Sau og Geit bestemte seinare denne fargekoda nasjonalt, som ved fostertelling:
  - Søye sleppt med 0 lam: Raudt slips
  - Søye sleppt med 1 lam: Blått slips
  - Søye sleppt med 2 lam: Gult slips (evt. ingen farge)
  - Søye sleppt med 3 lam: Grønt slips
- Nordre Land Sau og Geit vil ha ein omkamp i dette, og ser helst at Oppland vedtek det same som NSG

- Dette vart i si tid ei årsmøtesak, der nåverande fargekode vart vedteke. Da som nå vil truleg mange likevel halda fram med det dei brukar eller er vant til
- Som sekretær i OSG er eg vel kjent med denne «striden» både på landsbasis og i Oppland. Som representant for dei 10% av hankjønn som er fargeblind ser eg personleg at grøne og raude slips er heilt bak mål for oss på avstand. Eg ser òg at blåe og grøne kan vera eit problem på avstand og særleg etter nokre års bruk, men som i NSG så vann fostertellerane si fargekode fram

#### Vedtak i saka:

- Styret i OSG vedtok at Oppland nå skulle gå for den nasjonale modellen med slipsfargar, og endra dette på heimesida.

#### **Sak 82/2019: Eventuelt**

a) «Sak om skutt sau på Veståsen: J. Chr. Gjerdalen tok opp saken om avlivet søye og hennes manglende lam på Veståsen ut fra sakens alvorlige karakter og at den er henlagt fra politiet. Vårt spørsmål til OSG og eventuelt NSG er hva dere mener vi kan gjøre med denne saken. Vi kommer nok ikke videre med politiet, selv om vi vet hvem som har jaktrett i området osv. De vil ikke bruke noen ressurser på å innkalle til avhør, sjekke våpen osv. Så vidt jeg vet er det ikke funnet kule(-r) på skuddstedet. Vårt viktigste budskap er at slik oppførsel overhodet ikke er akseptabel. Hvordan kan vi få formidlet dette på en måte som når frem? Hva tenker dere?» Det vart vedteke at OSG skulle skriva eit stutt brev til Nordre Land om dette

b) Nortura Otta vart diskutert/prata om. Det vart vedteke at dette ikkje var ei sak for OSG

c) Valg NSG, nye: Avlsrådet: Peder Leirdal, Gjeterhundrådet: Torkjel Solbakken

Fagråd for geit: Gro Arneng, Utmarksrådet: Pål Kjørstad

Komande valg i styret:

Marthe Dypdalen Terje Benjaminsen går ut

Oppland har foreslege Marthe Lang-Ree inn i styret

Oppland har foreslege attval på Pål Kjørstad som nestleiar

d) Spælavl. Ei sak i NSG nå er kvaliteten på spælulla i populasjonen og i insettet av dårlege seminverar av rasane 04 og 21 på Staur.

Etterpå kom utsendingar frå lokallaga på Hadeland, Toten, Gjøvik og i Land til møte om kvelden på Lygnasæter.

Desse møtte:

Anita Schjøll, Kolbu	Ken Lunn, Vestre Toten
Peder Leirdal, Kolbu	Arne Åsstuen, Vardal
Per Erik Leirdal, Kolbu	Halgeir Snuggerud, Vardal
Egils Smestad, Kolbu	Tormod Gunderstuen, Vardal
Sondre Imsgard, Hadeland	Karianne Hogne, Nordre Land
Nils Ola Hov, Biri	Marianne Hamre, Nordre Land
Jan Snorre Landgraff, Biri	Knut Evensen, OSG
Lars E. Raddum, Østre Toten	Ellen M. Sylte
Markus Fjørkenstad, Østre Toten	Jonny Mathisen, OSG
Ola Kai Skeie, Østre Toten	Ola Hareland, OSG
Morten Fagerholm, Østre Toten	Frode Rudland, OSG

John Magne Storhaugstuen, Vestre Toten	Pål Kjørstad, OSG
Bjørn Even Stenberg, Vestre Toten	

Knut Evensen orienterte korleis og kva Oppland Sau og Geit dreiv med om dagen, representantar frå lokallaga kom med innspel og til slutt vart det ein konstruktiv dialog utover kvelden inkludert kaffepause. Møtet slutt kl. 22.00.

Innspel/tema som vart teke opp:

Toten, 16/12 2019, Pål Kjørstad, sekretær